

# **Emnerapport (hausten 2016) for NORMAU643, kull 2015**

## **Gjennomføring**

Dette studentkullet som er i det tredje av i alt åtte semester på erfaringsbasert master i nordisk, har i haust hatt tre to-dagars samlingar med fagdidaktikk. Samlingane var lagde til torsdag og fredag 8. – 9. september, 20. – 21. oktober og 17. – 18. november.

Ni studentar begynte på emnet no i haust, og alle ni leverte førsteutkast på semesteroppgåva. Berre åtte studentar leverte endeleg utkast av semesteroppgåva.

Karakterfordelinga etter sensur vart slik: A: 1, B: 3, C:1, D:3

Studieinformasjon: Kontakten med heile kullet har, utanom samlinga, føregått på Mitt UiB.

## **Rammevilkår**

Lokale og undervisningsutstyr: Samlingane var lagde dels til eit seminarrom på Dragefjellet og dels til undervisningsrom på Studentsenteret. Det fungerte greitt. Det har i alt vore inne fire ulike faglærarar.

## **Faglærar sine kommentarar til student-evalueringa(e)**

I utgangspunktet skal det vera ni studentar på dette kullet, men ein student måtte vera heime med sjukdom den siste dagen. Det kom i alt inn att sju evalueringsskjema på papir etter den siste samlinga.

Den første samlinga var knytt til danning, tekstlæring og det fleirkulturelle. Den andre samlinga var knytt til lesing og litteraturdydidaktikk, og den tredje samlinga var knytt til skriveteori og skriveopplæring. Studentane får tre veker på å skriva ei rettleidd semesteroppgåve på inntil 5000 ord. Dei får val mellom to oppgåveordlydar.

Alle sju studentane skriv at dei er nøgde med undervisninga i emnet, og at omfang og vanskegrad på pensum er passe. Dei seier blant anna at det var fleire gode forelesarar, at emna var matnyttige i høve arbeidskvardagen deira i skulen, og at undervisninga har sett i gang refleksjon rundt eigen praksis. Sidan eksamensoppgåva var gitt då dei svara, er det også ein student som seier at eksamensoppgåvene vert opplevde som relevante. Dei set pris på dei erfaringsbaserte samtalane som samlingane gir høve til. Gjesteforelesar Laila Aase sine forelesingar om litterære samtalar og danning blir særleg framheva.

Alle seier også at dei synest det har vore ganske god eller svært god balanse mellom forelesingar, diskusjonar og gruppeoppgåver på samlingane, og dei let vel over refleksjonsoppgåvene i etterkant der dei også har fått tilbakemeldingar, men ikkje karakterar. Dei seier blant anna at det var nyttig med refleksjonsoppgåver til samlingane som gjorde at dei jobba betre med pensumlitteraturen.

Ein student er svært nøgd med organiseringa av og informasjon om undervisninga, to er nøgde, to er verken nøgde eller misnøgde og ein er misnøgd. Misnøyen ser i stor grad ut til å vera knytt til tidspunktet for utdeling av semesteroppgåva. Dei etterlyser også litt tidlegare

informasjon om denne oppgåva enn det som vart gjort i haust. I år vart oppgåva sendt ut ei veke før den siste samlinga, slik at innleveringa av førsteutkastet fall saman med den siste samlingsdagen. Ei anna uheldig side med dette, var at semesteroppgåva i år måtte utelata innhald frå den siste samlinga. Emnet i den siste samlinga, som handla om skriving og respons, vart også opplevd som litt lite matnyttig av di dei seier at det er eit emne dei alt har jobba veldig mykje med i praksis.

### **Faglærer si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:**

Innspela frå studentane viser at dei stort sett er godt nøgde med programmet for samlingane, og at det samansette programmet med ulike forelesarar og arbeidsformer er bra. I den grad det er økonomi til det, er det fint om me også kan hyra inn eksterne forelesarar som har lang og god røynsle på feltet, som t.d. Laila Aase. Det er også viktig at me kvar haust vurderer pensum og ser om det er behov for å gjera mindre justeringar.

Det var heilt klart uheldig at semesteroppgåva vart delt ut ei veke før siste samling, og det har nok gjort at mange har vore dels misnøgde med organiseringa av kurset. Dette er uheldig av di ein då får for mange krav oppå kvarandre; dei skal lesa til siste samlinga, reisa til og frå siste samlinga og samstundes skriva på oppgåva. Då underteikna skulle gje respons på førsteutkastet deira, ymsa det ein del kor mykje kvar av dei hadde fått jobba med oppgåva. Dei fekk truleg difor ulikt utbyte av tilbakemeldingane, men eg la også ut ein del felles føringar om oppgåveskriving til dei på Mitt UiB og ei fellesmelding om viktige punkt å tenkja på før dei fekk dei individuelle tilbakemeldingane seks dagar etter innleveringa. Karaktarnivået etter sensuren er ikkje så verst, men tre studentar har fått ein karakter under C-kravet til master. Utan at me har nokon direkte informasjon om det, kan tidspunktet for oppgåveutlevering også dels vera skuld i at ein av studentane ikkje har klart å levera semesteroppgåva si i det heile.

Informasjon om kva semesteroppgåva går ut på, og korleis det er tenkt gjennomført, kan med fordel leggjast ut til studentane så tidleg i semesteret som råd. I år fekk dei informasjon om dette i oktober, og då vart det også lagt ut ei eiga fil på Mitt UiB med oppgåver som har vore gjevne til eksamen på NORMAU643 dei tidlegare semestera.

Eit anna år må me heller forskyva datoen for den endelege innleveringa enn å framskunda tidspunktet for førsteutkastet. Det er såleis viktig at den som skal koordinera kurset, passar på at endeleg eksamensdato ikkje fører til at semesteroppgåvene må delast ut før etter siste samling. Samlinga kan dessutan gjerne leggjast til første halvdel av november, for med endeleg innlevering av semesteroppgåva til desember, risikerer ein likevel, slik som i år, at sensuren ikkje vert klar før over nyttår.

Emneansvarleg: Ragnhild Lie Anderson